

DNT GUDBRANDSDALEN

Årsmelding 2022



DNT Gudbrandsdalen i 2022

Blomberg i Gerianger
Foto: Arnt Sveen



Det har også i 2022 vore stor og variert aktivitet i foreninga vår. I året som gjekk deltok godt over 1000 personar på aktivitetar og turar for alle aldere og formnivå.

Turprogrammet for 2022 hadde ny layout og var tynnare enn det gamle, og det vart lagt meir vekt på oppdatert informasjon på nett. Våre frivillige bidrog til å arrangere til saman 73 aktivitar og turar.

Vi er utruleg heldige som har så mange engasjerte frivillige. Dei bidreg til eit rikt turpårprogram med noko for einkvar smak.

Aktivitet gjennom året

SENIORGRUPPA – AKTIV I 100

Ei aktiv gruppe som arrangerte til saman 16 turar i løpet av året. Det har vore stor variasjon i turane med overnattingsturar, skiturar, dagsturar til fots, Englandstur, nærturar og kveldsturar.

Til saman hadde Aktiv i 100 med seg 90 forskjellige personar på tur, og av desse var 25 nye i gruppa.

Gitte Bertelsen er leiar for seniorgruppa og har eit stort engasjement som bidreg til stor aktivitet.

DUGNADSGRUPPA

Dugnadsgjengen på 20 frivillige har lagt ned ein stor innsats for å halde Peer Gynt stien rydda og merka. Dei hadde til saman 19 dagar med dugnad i året som gjekk.

Helle Hovden er leiar for dugnadsgruppa som også har tilsyn og vedlikehald i Øvre Skar.

Dugnad Øvre Skar
Foto: Helle Hovden



Klopping Peer Gynt stien.
Foto: Helle Hovden

Haustfargetur til
Baukholstulen med
seniorgruppa
Foto: Gitte Bertelsen



Aktivitet gjennom året

Peer Gynt stien
Foto: Tove M. Dahken



TURAR LANGS PEER GYNT STIEN

Det vart i løpet av året arrangert turar langs heile Peer Gynt stien. Turane la til rette for minibuss eller samkjøring. Turleiarane rapporterar om god stemning og trivelege turar.

Kaupanger til Ringebru
Foto: Therese Klaussen



TRILLETURAR

Våren byr på fine turar også med vogn. På Ringebru vart det arrangert 6 trilleturar der mellom 6 - 8 personar deltok.

Helgetur til Reksta og Kinn
Foto: Gitte Bertelsen



HELGETURAR

Det vart arrangert fleire helgeturar i løpet av 2022. Vi hadde ei langhelg i Langsua, Randohelg for ungdom i Glitterheim, overnattingstur til Imsdalen, Fottur og kultur på Reksta og Kinn, Turhelg i Geiranger og yogahelg på Sota Sæter.

Bilete over er frå langhelga på Reksta og Kinn i starten av juli. Her deltok 8 damer som kosa seg med fotturar og kultur. I år er det planlagt ei langhelg på Runde.

Richmond og Yorkshire
Foto: Arne Skuterud



ENGLANDSTUR

I dagane 14. til 19. juli var 11 gudbrandsdølar på tur til Nord-Fron kommune si vennskapskommune Richmond i Yorkshire i Nord-England. Turen vart arrangert som samarbeid mellom Vennsksforeininga Nord-Fron – Richmond og DNT Gudbrandsdalen. Derfor var det denne gongen deltakarar frå både Nord-Fron, Lillehammer, Vågå, Sørumsand og Molde.

Aktivitet gjennom året

Stolpejakt i Lom
Foto: Bente B. Bråten



STOLPEJAKT I LOM

DNT Gudbrandsdalen arrangerte for fyrste gong stolpejakt i Lom. Det var 10 frivillige som planla og sette ut 47 stolpar i gangavstand til Lom sentrum. Dette vart eit populært tilbod med 2200 deltakarar. Til saman vart stolpane skanna 32 000 gonger, og det var god spreing i alder på dei 70 personane som besøkte alle stolpane, der den yngste var 7 år og den eldste 69 år. Prosjektet vart sponsa av næringslivet i Lom som kjøpte reklame på stolpane.



Kom deg ut- dagen
Foto: DNT G

KOM DEG UT- DAGEN

Den nasjonale Kom deg ut- dagen vart feira den 4. september over heile Noreg. I Gudbrandsdalen deltok 50 små og store på våre arrangement i Skjåk og på Ringebru. Det var naturstig med quiz, grilling av pølser og god tid til fri leik.

Ungdomstur til Glittertind
Foto: DNT G



SOMMARAKTIVITETAR FOR UNGDOM

Med støtte frå Gjensidigestiftelsen arrangerte DNT Gudbrandsdalen 6 dagar med gratis friluftaktivitetar for ungdom. Vi hadde overnatting i Glitterheim og topptur på Glittertind. Det var juving i Skjåk, bretur på Bøverbrean, rafting i Sjoa og klatring i Heidal. Til saman deltok 80 ungdomar på turane.



Opptur!
Foto: Aina Rolstad

OPPTUR

OPPTUR er ein nasjonal turdag der 8. klassingar over heile landet blir invitert til ein dag med friluftsliv, fysisk aktivitet og naturopplevingar. DNT Gudbrandsdalen hadde i år med seg vel 140 elever fra Ringebru, Sør-Fron og Vinstra Ungdomsskole på tur. Tusen takk til Helle Hovden, Gitte Bertelsen og Aina Rolstad som var turleiarar denne dagen.

Aktivitet gjennom året

CAMPAR FOR BARN OG UNGE

I samarbeid med Sota Sæter og Skjåk Almenning arrangerte vi Friluftsskulen frå skog til bord. I løpet av fire dagar fekk deltakarane lære om og delta på storviltjakt. Borna var med på alt frå elgen vart skoten til dei siste kvelden å sjølv laga elggryte og overnatta på Sota.



Fra skog til bord!
Foto: DNT G

PRIDERUTA 2022

I forkant av FjellPride på Sota Sæter vart det arrangert ein hytte til hytte tur. Turen gjekk frå Sota til Nørstedalsseter, Arentzbu og Sprongdalshytta før vi avslutta på Sota. Det var 13 deltakarar på denne turen. Vi sette stor pris på at sjølvaste generalsekretæren i DNT, Dag Terje Klarp Solvang var ned som turleiar.


På FjellPride arrangerte vi parade med 70 deltakarar. Her var høgdepunktet ein sterk appell frå Bent Høie i matpausa.



Prideruta med start Sota
Foto: DNT G

AKTIVITETAR FOR UKRAINSKE FLYKTNINGAR

Hausten 2022 vart det arrangert mange aktivitetar for Ukrainske flyktningar. Denne gongen for flyktningar busett i Lom, Skjåk og Sel. Vi hadde dagsturar på Billingen, Putten Sæter og dagsturhytta på Otta. Kveldsturar med reinsdyr, dagsturhytta i Skjåk og ridetur. Dagen med mat på bål i Lom var også populær. Til saman deltok over 45 flyktningar på ein eller fleire turar.



Tur til stein i Føysa
Foto: Heidrun Israelsen

Kurs i 2022



Turlederkurs i Heidal
Foto: Jon Simensen


GRUNNLEGGJANDE TURLEIARKURS

Våren 2022 arrangerte DNT Gudbrandsdalen grunnleggjande turleiarkurs i Heidal. Denne helga vart det utdanna 10 nye turleiarar.

Med stadig strengare krav om formell kompetanse som turleiar, vil det også framover bli prioritert å kurse fleire turleiarar.

SKREDKURS UNGDOM

Med økonomisk støtte frå Erling Bjørstad stiftelse kunne vi tilby gratis skredkurs for ungdom. Kurset vart halde av Hans Erik Kveum med utgangspunt frå Billingen i Skjåk. Det var seks deltakarar på kurset som hadde ein lærerik dag.



Skredkurs for ungdom
Foto: Hans Erik Kveum

Styret 2022

Styresamling
Foto: Trond Bråten



Styret i DNT Gudbrandadalen 2022.

F.v. Egilt Tofte, Bente B. Bråten, Arnt Sveen, Anita Haugen, Kirsti Myrhaug, Irene-Karin Nystuen, Eva-Britt Riise og Nils Arne Haugen. Disse var ikkje til stades da bilete vart teke: Rune Holen og Tore Askeland.

STYREMØTER 2022

Det vart arrangert 8 styremøter i tillegg til årsmøte i 2022. Fleire av møta var på teams. Det var ei styresamling på Raubergstulen på hausten. Her fekk styret høve til å bli betre kjent og arbeide med styresakar ei heil helg.

Nokre av sakan e som har vore drøfta:

- Turprogram for 2023
- Framtidige hytteprosjekt
- Dagleg leiar i 100% stilling
- Sikkerhei
- Påskjønning turleiarar

STYRET FOR 2022

Leder: Arnt Sveen

Nestleder: Eva-Britt Riise

Kasserer: Nils Arne Haugen

Sekretær: Egil Tofte

Styremedlem: Rune Holen

Styremedlem: Bente Brustuen Bråten

Styremedlem: Irene Karin Nystuen

Vara: Kirsti Myrhaug

Vara: Tore Askeland

VALKOMITEEN

Kjell Ola Haugen, Vågå

Oddbjørn Dahl, Otta

Aasta Kristine Bjorli Bjølverud, Lesjaskog

STIGRUPPA

Leiar: Helle Hovden

SENIORGRUPPA

Leiar: Gitte Bertelsen


SOSIALE MEDIA

DNT Gudbrandsdalen har aukande aktivitet på sosiale media. Facebook og Instagram blir brukt til å dele turar og arrangement. Her blir det også delt turrapportar og bilete.

DAGLEG LEIAR I 100% STILLING

Styret vedtok å auke stillinga til dagleg leiar til 100% stilling frå 1. september 2022. Anita Haugen har kontor plass sjå Skjåk Almending.

Møter og representasjonar



Landsmøte i Haugesund
Foto: Magnar Bratlien

LANDSMØTE I HAUGESUND

Landsmøte til DNT var våren 2022 lagt til Haugesund. Her var DNT Gudbrandsdalen representert ved styreleiar Arnt Sveen, nestleiar Eva-Britt Riise, landsstyreprerentat Magnar Bratlien og dagleg leiar Anita Haugen. Her fekk vi eit interessant innblikk kystbasert friluftsliv. Landsmøte for 2023 blir i Trondheim.

LANDSSTYRET

Vi er stolte av å ha Magnar Bratlien i Landsstyret. Han har eit stort nettverk i DNT og er ein god representat for alle dei små forreiingane. Han er nominert som kandidat for gjenvalg i landsstyret i 2023.

LEDERSAMLING I VOKSENÅSEN

Hausten 2022 var styreledere og dagleg leiarar samla på Voksenåsen ei helg. Frå DNT G deltok styreleiar Arnt Sveen og dagleg leiar Anita Haugen.



Magnar på Landsmøte
Foto: Anita Haugen

Samarbeidspartnarar, medlemsutvikling og økonomi

SAMARBEIDSPARTNARAR

DNT Gudbrandadalen set stor pris på at Sparebank1 Lom og Skjåk og Sparebank1 Gudbrandsdalen held fram som vår samarbeidspartnarar. Vi syner fram kvarandre på nettsider og sosiale media, og er glade for å ha lokale og solide samarbeidspartnarar. Samarbeidet bidreg til at vi kan nå ut til fleire og tilby fleire turar og arrangement.

I tillegg søker vi årleg kommunane om kulturmidler og i 2022 utgjorde dette 56 389 kr. Dette er bidrag som kjem godt med.

MELDEMSUTVIKLING

Det er gledeleg at DNT Gudbrandsdalen hadde medlemsvekst også i 2022, til tross for at det på landsbasis har vore ein liten nedgang.

ØKONOMI

Styret meiner og ha god kontroll på økonomien. Dette viser seg også ved at innestående på bankkonto utviklar seg positivt over tid.

GRASROTANDELEN

Mange er flinke til å gjeva sin grasrotandel til DNT G nå dei tippar. Dette set vi stor pris på og fekk inn 19 184 kr i 2022.

Familie hovud-medlem	Hovud-medlem	Ungdom	Senior	Livsvarig	Barn	Skole-ungdom	Husstands-medlem	Totalt	Diff.
282	436	61	200	14	23	5	116	1137	+ 4,3%



Deltakrar på turar og aktivitetar 2022

Dato	Tema	Namn på tur	Turleiar	Kommune	Deltakarar	Nivå
12. jan	ungdom	Kveldstur på ski til Olashovda	- Øystein Bakke	Vågå	Avlyst pga sjukdom	●
18. jan		Fullmånetur til Utsikten	- Maria K. Kleiven	Dovre	17	●
26. jan	ungdom	Kveldstur på rando til Heggebottflya	- Anita Haugen	Skjåk	Avlyst pga sjukdom	●
9. feb	ungdom	Kveldstur på rando til Reinsgarden	- Anita Haugen	Skjåk	Avlyst pga dårleg vær	●
12. feb	ungdom	Isklatring i Dipra	- Øystein Bakke	Vågå	12	●
13. feb		Snarefangst av rype	- Eva-Britt Riise	Lesja	Avlyst grunne beinbrudd	●
26. feb		Skitur til Skaihø	- Rune Holen	Vågå/Lom	Avlyst pga villrein	●
27. feb		Vestre Kvittingskjølen	- Kjell Ola Haugen	Lom	Avlyst pga sterk vind	●
3. mars	ungdom	Randotur til Viahø (1471 moh)	- Anita Hugen	Skjåk	Avlyst pga stengt RV15	●
5. mars		Skitur i Langsua	- Tove og Arne Dahlen	Nord_Fron	10	●
12. mars		Besseggen på ski	- Haugen, Sveen og Mattisrud	Vågå	Avlyst pga lite snø	●
12. mars		Skitur langs Tromsa	- Lars Haugen og Ivar Flyen	Ringebu	30 - turen krev mykje førebuing	●
18. - 20. mars	senior	Overnattingstur Langsua	- Morten Laake	Fron	5	●
20. mars	ungdom	Skredkurs for ungdom	- Hans Erik Kveum	Skjåk	6	●
25. - 27. mars	ung	Randohelg for ungdom Glitterheim	- A. Haugen og A. Skriden	Lom	12	●
27. mars		Kjølen på langs	- Eva-Britt Riise	Lesja	Avlyst	●
31. - 3. april		Ski og yogahelg på Sota	- M. Moer og A. Sveen	Skjåk	Avlyst pga få deltakrar	●
1. - 3. april		Overnattingstur i Imsdalen	- Ivar Flyen	Fåvang	8	●
2. april		Fjellskitur til Vassberget i Rondane	- A. Nordnes og K. Sørli	Sel/Dovre	Avlyst pga villrein	●
2. april		Kvitberghytta	- Arnt Sveen	Skjåk	3	●
10. april		Fjellskitur til Tverrbottinden (2161)	- Syver Ole Eggen	Lom	Avlyst pga sterk vind	●
16. april		Skitur til Dalsnibba	- Arnt Sveen	Stryn/Strenda	5	●
24. april		Vesfjelltinden (2157 moh)	- Syve Ole Eggen	Lom	6	●
4. mai	senior	Gåtur til Kleivsetra og Solbrådamen	- B. K. og T. Wangen	Nord-Fron	22	●
5. mai	ungdom	Opptur til Øvre Skar	- Heller Hovden	Nord-Fron	140	●
10. mai	dugnad	Dugnad i Øvre Skar	- Helle Hovden	Nord-Fron	8	●
12. mai		Trilletur - Høystadrunda	- Therese Klaussen	Ringebu	6	●
17. mai		Skitur på Blåtind	- A. Haugen og A. Skriden	Stryn/Stranda	Stengt veg pga rasfare	●
19. mai		Trilletur Ringebu Prestegard	- Therese Klaussen	Ringebu	7	●
24. mai		Trilletur Kilgardsrunda	- Therese Klaussen	Fåvang	6	●
30. mai		Kulturell vandring langs Aura	- Per Dagsgard	Skjåk	15	●
2. juni		Trilletur innover Vinkeldammen	- Therese Klaussen	Ringebu	7	●
6. juni	dugnad	Dugnad Peer Gynt stien - klopper	- Helle Hovden	Nord-Fron	5	●
8. juni		Tur til Olashovda	- Rune Holen	Vågå	Avlyst	●
11. juni		Vendalen - Kantilappen - Lauvåsen	- A. Rolstad og K. Opsahl	Sør-Fron	7	●
12. juni		Peer Gynt stien fra Sulseter til Skar	- Gitte Bertelsen	Fron	8	●
12. juni		Historisk vandring langs Olavsråket	- Marstein og Skjåk Turlag	Lom	17	●
12. juni	barn	Barnevennlig tur i Trabelifjella	- Kalussen, Granlien og Brevik	Ringebu	13	●
12. juni	barn	Barnevennleg tur til Kollungen	- Marianne Kveum	Skjåk	17	●
13. juni		Kunst- og kulturvandring Harpefoss	- Skurdal Tofte og Brenden	Sør-Fron	11	●
14. juni		Kveldstur til Formokampen	- Unni Strand	Sel	Avlyst	●
15. juni	senior	Tur til Svarttjønne	- Wiggo V. Hansen	Lesja	6	●
16. juni		Trilletur i Ringebu	- Therese Klaussen	Ringebu	8	●
18. juni		Peer Gynt stien fra Gålå til Harpefoss	- Larsen og Brendhaugen	Sør-Fron	Ikkje delt på facebook??	●

Turen starter med

Turprogram

Dato	Namn på tur	Turleiar	Kommune	Deltakarar	
18. - 19. juni	Turhelg Skageflå og Homlungsetra	- Sveen, Moer og Haugen	Geirange	7	
19. juni	Peer Gynt stien, Toksesetre - Sulseter	- B-K og T. Wangen	Nord-Fron	9	
27. juni	Pilegrimsleden	- Per Gunnar Hagelien	Sel	16	
27. - 28. juni - ung	Ungdomstur til Glittertind	- M. Flaten og A. Haugen	Lom	6	
29. juni senior	Tur til Skardbua	- Wiggo V. Hansen	Dovre	4	
29. juni ungdom	Ungdomstur rafting - Explore Sjoa	- Anita Haugen	Sel	15	
30. juni ungdom	Ungdomstur på bre - Aktiv i Lom	- Anita Haugen	Lom	17	
30. juni	Trilletur til Ringebu prestegard	- Therese Klaussen	Ringebu	6	
28. - 1. juli - senior	Fottur og kultur på Rekstad og Kinn	- Bertelsen og Jokstad	Kinn	8	
1. juli ungdom	Ungdomstur juving - Explore Skjåk	- Anita Haugen	Skjåk	22	
2. juli	El-sykkeltur på Lemonsjøen	- Nils Ane Haugen	Vågå	Avlyst	
3. juli	Rundtur Svartvatn - Skardbu	- B. og J. Krogsveen	Ringebu	13	
3. - 7. juli	Prideruta 2022	- Haugen, Solvang, Høie og Bolstad	Skjåk	13	
9. juli	Pridemarsj Sota - Mysubytta	- A. Haugen og A. Sveen	Skjåk	70	
13. juli senior	Tilsynstur til DNT-hytta Reinheim	- Wiggo V. Hansen	Dovre	6	
14. - 19. juli - senior	Fottur og kultur i North Yorkshire	- Arne Skuterud	England	11	
17. juli senior	Tur til Tofsetunga fra Reindøl	- Wiggo V. Hansen	Lesja	7	
22. - 24. juli	Telttur i Trollheimen	- Hovden og Bratlien	Surnadal	Avlyst	
31. juli	Fagerhøi - Lauvåsen - Gålå	- Arnlaug Pedersen	Sør-Fron	5	
5. aug	Peer Gynt stien -Skei til Fagerhøy	- Kikke Hovind	Fron	9	
8. aug	Peer Gynt vandring	- Per Gunnar Hagelien	Fåvang	12	
9. aug ungdom	Ungdomstur Via Ferrata - Explore Sjoa	- Anita Haugen	Sel	21	
9. aug	Peer Gynt vandring	- Per Gunnar Hagelien	Nord-Fron	12	
10. aug senior	Gruverestar på Lesjafjellet	- Skuterud og Sørungård	Lesja	5	
13. aug	Stortverratinden 1983 moh	- Eva-Britt Riise	Lesja	2	
20. aug	Erlandbu i Tundradalen	- Arnt Sveen	Skjåk	7	
20. - 21. aug	Ridehelg på Slangen Seter	- Stabergløkken og Hovden	Nord-Fron	Avlyst	
21. aug senior	Kvamstjellel til Sødorpfjellet	- Arne Skuterud	Nord-Fron	5	
24. aug senior	Svartdalsvatnet på Dalsida	- Wiggo V. Hansen	Lesja	4	
28. aug	Peer Gynt stien, Graslia - Dalseter	- Tove M. Dahlen	Fron	7	
4. sept barn	Kom deg ut- dagen i Ulbergskogen	- Klaussen, Granlien, Brevik	Ringebu	25	
4. sept barn	Kom deg ut- dagen på Moar	- Marianne Kveum	Skjåk	25	
6. sept senior	Baukholstulen rundt - haustfargetur	- S. og K. Brendhaugen	Sør-Fron	17	
7. sept senior	Hardbakken frå Hundyrju	- Wiggo V. Hansen	Dovre	8	
11. sept barn	Familietur til Stamseterhovden	- E. og H. Mølmen	Skjåk	Avlyst	
14. sept senior	Englestien på Fefor	- Berit og Trond Wangen	Nord-Fron	3	
17. sept dugnad	Haustdugnad i Øvre Skar	- Helle Hovden	Nord-Fron	5	
21. sept senior	Bergebue i Lordalen	- Wiggo V. Hansen	Lesja	4	
22. - 25. sept	Yoga- og fjelltur-helg på Sota Sæter	- M. Moer og A. Sveen	Skjåk	9	
28-sept senior	Skogstur til Vollsdammen	- Bertelsen og Jokstad	Nord-Fron	11	
10. okt	Tur for flyktningar saman med Skjåk IL - Haugen og Israelsen		Skjåk	19	
11. okt	Mat på bål for flyktningar med Skjåk IL - Anita Haugen		Lom	16	
13. - 16. okt - barn	Friluftsskolen frå skog til bord på Sota	- A. Haugen og E. Skriden	Skjåk	10	
23. okt	Avslutning stolpejakt i Lom	- styret	Lom	33	

Turen starter med

Turprogram

Dato	Namn på tur	Turleiarar	Kommune	Deltakarar	Nivå
25. okt	Tur for flyktningar til Putten Seter	- Irene Karin Nystuen	Sel	17	●
26. okt	Kveldstur flyktningar med Skjåk IL	- I. Haugen og Israelsen	Skjåk	14	●
9. okt	Ridetur for flyktningar med Skjåk IL	- Anita Haugen	Skjåk	10	●
14. okt	Dagstur, mat på bål for flyktningar	- I. K. Nystuen og Haugen	Sel	14	●
22. nov	Kveldstur med reinsdyr med Skjåk IL	- Israelsen og Hege Kveum	Skjåk	30	●
4. des	Skitur på juletreet i Skjåk	- Israesen og Haugen	Skjåk	Avlyst pga manglande snø	●

Totalt deltok 1007 personar på tur i 2022. Det vart gjennomført 73 av 94 planlagte turar. Det vil si at vi hadde eit gjennomsnitt på 14 deltakarar på kvar tur.



Seniortur
Foto: Gitte Bertelsen

Prideparade til Mysubytta
Foto: DNT G



Turen starter med 



FØLG OSS

DNT Gudbrandsdalen
Industrivegen 10
2690 Skjåk

Organisasjonsnummer:
992660074
gudbrandsdalen.dnt.no
gudbrandsdalen@dnt.no